



Arkivnr: 2017/4423-1

Saksbehandlar: Ronny Skaar

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		

## Gåve til Eikanger Bjørsvik Musikklag som vinnar av EM for brassband 2017

### Samandrag

Eikanger-Bjørsvik musikklag vart vinnar av europameisterskapen for brassband 2017. European Brass Band Championships vart arrangert 27-30. april i Kursall, Oostende, Belgia.

Korpset har vunne fleire 2. og 3. plassar i EM, men har ikkje tatt gullet sidan 1989. Sigeren i Oostende i Belgia er difor ekstra fortent.

Eikanger-Bjørsvik har eit svært breitt musikalsk spenn, og deira bruk av spesialkomponert norsk musikk er eit strålende førebilete for andre. Dette er ikkje berre positivt for dette brassbandet, men også for utviklinga av korpsmiljøet og musikklivet elles i Noreg.

Eikanger-Bjørsvik har og teke ei tydeleg og aktiv rolle for å stimulere dei yngre musikantane i regionen.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet løyver kr 50.000 som gåve til Eikanger Bjørsvik Musikklag som vinnar av EM for brassband 2017.

Budsjettet vert endra slik:

budsjettpost 10.720.200.00.14900 Tilleggsløyvingskonto fylkesutvalet - går ned med kr 50.000

budsjettpost 10.400.740.00.14700 Stønad etter vedtak – aukar med kr 50.000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*